



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
18/169688-7

Dykkar referanse:

Vår dato:  
29.01.2019

### Om arealoverføring og avkøyrsløysle til eigedomane gnr. 245 bnr. 9 og 14 – Lindås kommune

Vi viser til vår uttale datert 29.11.2018, om arealoverføring og avkøyrsløysle til eigedomane gnr. 245 bnr. 9 og 14 i Lindås kommune.

I vår uttale legg vi til grunn at det er ein godkjent fritidsbustad og eit naust/båthus på bnr. 9, og at denne eigedom har avkøyrsløysle til ein fritidsbustad. På bnr. 14 er det ikkje fritidsbustad, og eigedom har ikkje avkøyrsløysle. Vidare skriv vi at etter vår vurdering må dette tilhøvet ordnast før kommunen gir løysle til grensejustering. I brevet avsluttar vi med:

*«Før kommunen eventuelt gjev løysle til endring av grense mellom gnr. 245 bnr. 9 og 14, og eventuelt gjev løysle til oppføring/oppretting av ny fritidsbustad, skal saka vere ferdig handsama etter veglova.»*

Vi vart nyleg merksam på at kommunen har gitt dispensasjon for arealoverføring, utan at saka er handsama etter veglova. Dette er svært uheldig, og kan skape uklare tilhøve rundt eksisterande avkøyrsløysle.

Det går ikkje klart fram av kommunens vedtak kva eigedom eksisterande fritidsbustad vert liggjande på etter grensejusteringa. Statens vegvesen vil derfor gjere merksam på at gjeldande avkøyrsløysle naturleg vil følgje eksisterande fritidsbustad, uavhengig av om denne vert liggjande på eigedom bnr. 9 eller bnr. 14. Den andre eigedom har ikkje avkøyrsløysle. Dette tilhøvet må ordnast før kommunen kan gje bruksendring for naust eller løysle til å oppføre fritidsbustad.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Vi ber om at vedtak i saken vert sendt til Statens vegvesen for klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Kålås Bygg AS, Torvhusmyrane 2, 5913 EIKANGERVÅG